
Fra: Anne-Lise Næs Olsen
Sendt: 6. oktober 2015 09:58
Til: 'Tor Arne Olsen'
Kopi: Anngunn Marie Gullbrå
Emne: SV: Holmenmarka, B8

Hei.

Delområde B8 i Holmemarka aust må endrast slik at det samsvarer med eksisterande tomtegrenser, jf. nyleg behandla delingsaker. Planen for Øvre Holsbergstien lyt omfatte dette, og bustadformålet innafør B8 lyt utvidast til å samsvare med eigedomsgrensene. Dette er grunnen til at vi må ta med B8 i reguleringsplan for Øvre Holsbergstien (Holmemarka-planen). Då den opphavlege reguleringsplanen vart laga, så kontrollerte ein ikkje om tomtegrensene var korrekte. Dette lyt vi rette opp slik at vi har formålsgrenser som høver til eigedomsgrensene mm.

Kommunen har elles parallelt med nytt skisseutkast for Øvre Holsbergstien, samstundes motteke søknad om dispensasjon for eigedom 10/45, og her er allereie gjeve eit byggjeløyve for tilkomstvegen til denne eigdommen. Ein lyt sjå på desse sakene samla, og plangrensa for Øvre Holsbergstien lyt endrast til også å omfatte delar av Holmemarka aust. Utvikling av eigedom 10/45, grøntområde vest for denne, samt tilkomst og parkering P2, lyt inngå i planavgrensinga no når Øvre Holsbergstien skal endrast. Dette for å få ein heilskapleg plan, og for å rydde opp i formålsgrensene slik at dei stemmer med eigedomsgrensene.

Ta kontakt ved spørsmål.

Med venleg helsing

Anne-Lise Olsen
Fagansvarleg Plan
Tlf. 56171000/1173
e-post: anne.lise.olsen@meland.kommune.no



Fra: Tor Arne Olsen [<mailto:tor@abo-ark.no>]
Sendt: 2. oktober 2015 10:52
Til: Anne-Lise Næs Olsen
Kopi: Anngunn Marie Gullbrå
Emne: Holmenmarka, B8

Hei

Reguleringsplan Holmenmarka inkl. B8.

- Viser til tidligere korrespondanse angående levering av sosi for område B8.

Nevnte sosifil er i samsvar med vedtak.

- Min kollega mottok i dag nytt eiendomsgrunnlag fra dere for Holmenmarka. Eiendomsgrenser for nye tomter i B8 er ikke i samsvar med denne sosifilen.
Hva er riktig å bruke?
- **Hva gjør vi med areal mellom B8 og 10/45?**
- **Hva er grunnen til at vi må ta med B8 i Holmenmarka-planen?**

Hører fra deg/dere snarest

Med vennlig hilsen

Tor Arne Olsen

ABO Plan & Arkitektur AS

Tlf 46431994